

Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2295 - 21/19962

Saksbehandlar:  
Lennart Falkenberg-Arell  
lennart.falkenberg-  
arell@alver.kommune.no

Dato:  
22.03.2021

## **Tilbakemelding om førespurnad knytt til val av prosess for endring - Detaljreguleringsplan for Toska hyttefelt gbnr 443/101 mfl. PlanID 12602018000800**

*Viser til førespurnad frå Arkoconsult AS v/ Yvonne Bruvik Hauge datert 8.3.2021. Saka gjeld endring for plassering av naust. Der entreprenør ved planlegging av gjennomføring av tiltak i plan anbefala at nausta vert plassert ca. 3 meter lengre inn på land ein kva godkjent reguleringsplan legg opp til.*

Opprinneleg reguleringsplan for område vart godkjent i 2013 og siste planendring vart godkjent i 2019. I vurderinga om endringa kan søkast om gjennom dispensasjon eller planendring visast det til Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) s. 242 der Alver kommune vurderer at reguleringsplanen ikkje kan reknast som ei eldre reguleringsplan og at flytting av lokasjon for naust vil hamne under regionale interesser med tanke på landskap og fjernverknad i nærleik av sjøområda. Alver kommune vurderer at vilkåra for ynskje endring ikkje kan gjennomførast som dispensasjon etter plan- og bygningslova kap 19.

Forslag til endring må sendast inn til Alver kommune via søknad om planendring etter forenkla prosess jf. Pbl § 12-14. Formkrav til søknad og kva plandokument som må endrast kjem fram av vedlagt rettleiar.

På bakgrunn av innspel frå aktuelle mynde og andre interessentar ved ei begrensa høyring vil Alver kommune gjera ei samla vurdering om dei 3 vilkåra i § 12-14 er innfridd eller ikkje for at endringa kan godkjennast som ei planendring etter forenkla prosess. Krav til kommunens vurdering og endelege avgjerd er og nærare omtalt i Prop. 149 L (2015-2016).

Alver kommune rår til at søknad/forenkla planskildring blant anna omfatta ei vurdering av tiltaka opp mot statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. I tillegg bør det og utarbeidast og leggjast ved eit notat med 3D illustrasjonar som visar plasseringa av nausta i terrenget frå ulike vinklar.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Lennart Falkenberg-Arell  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Ekstern rettleiar om endring av plan gjennom forenkla prosess

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE  
N